



Samnanger kommune

Gebyrregulativ

Bygge- og delingssaker

Plansaker

Saker etter matrikkellova

Regulativet vart vedteke av kommunestyret den som sak xx/17 og gjeld frå 01.01.2018.

Gebyrregulativet er vedteke med følgjande heimlar:

- § 33-1 i plan- og bygningslova av 27. juni 2008
- § 32 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005
- § 7 i lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997
- Forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker m.m. av 29. desember 1993 (forskrift til forvaltningslova § 27 a)
- § 52 i lova av 13.mars 1981 nr 6 om vern mot ureining og om avfall (ureiningslova)

Framlegg 22.11.2017

Regulativet avløyer tidlegare gjeldande regulativ.

1 Innhald

2	Generelle reglar	5
2.1	Betalingsplikt og frist.....	5
2.2	Kva regulativ som skal nyttast	5
2.3	Betalingstidspunkt.....	5
2.4	Søknader som vert trekt, stansa eller ikkje sett i gang	6
2.5	Søknader som fører til avslag	6
2.6	Urimeleg gebyr	6
2.7	Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp	6
2.8	Klage på gebyr	6
2.9	Gebyr til statlege etatar.	6
3	Tenester som skal betalast etter medgått tid	7
	Timepris	7
4	Kart og eigedomsoppgåver	7
4.1	Digitale situasjonskart	7
4.2	Analoge situasjonskart på papir	7
5	Plansaker (Pbl. kap. 12)	8
5.1	Reguleringsplan (§ 12-8 - § 12-12)	8
5.2	Reguleringsplan – endring (§ 12-14)	8
5.3	Andre gebyr/utgifter	8
6	Dispensasjonssaker (Pbl kap 19)	9
6.1	Sakshandsaming	9
7	Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker pbl. Kap 20)	10
7.1	Delingssøknader etter pbl § 20 -1 pkt. m.	10
7.1.1	Tiltak som krev ansvarleg føretak etter pbl § 20 – 3	10
7.1.2	Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om etter pbl § 20-4.....	11
7.1.3	Basisgebyr	11
7.1.4	Konstruksjonar, anlegg, terrenginngrep	11
7.1.5	Tilleggsgebyr	11

7.2	Ulovleg byggearbeid og andre ulovlege forhold	12
7.2.1	Påpeiking av uloveleg byggearbeid med rettingsrettlegg	12
7.2.2	Oppfylgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid	12
7.2.3	Mulkt	12
7.2.4	Saker med pålegg om sikring	13
7.3	Graving i kommunal veg.....	13
8	Gebyr for arbeid etter matrikkellova	14
8.1	Oppmålingsforretning. Saker som krev oppmålingsforretning etter §6	14
8.1.1	Oppretting av grunneigedom, festegrund og jordsameige	14
8.1.2	Oppretting av anleggseigedom	14
8.1.3	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (grunneigedom og festegrund) og registrering av uregistert jordsameige eller endring i sameigefordeling.....	14
8.1.4	Arealoverføring	15
8.1.5	Klarlegging av eksisterande grenser alt. 1: der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak	15
8.1.6	Klarlegging av grenser alt.2: der grenser og rettar tidlegare ikkje er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak	15
8.1.7	Grensejustering	15
8.1.8	Oppmåling av uteareal til eigarseksjon eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon.	15
8.1.9	Oppmålingsforretning utført utan markarbeid	16
8.1.10	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	16
8.1.11	Avbrot oppmålingsforretning eller matrikulering	16
8.2	Saker som ikkje krev oppmålingsforretning m.m.....	16
8.2.1	Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrund og jordsameige	16
8.2.2	Matrikkelføring av saker som ikkje krev oppmåling etter §10 4. ledd	16
8.2.3	Utsteding av matrikelbrev (gebyr vert fastsett av Kartverket)	16
8.3	Andre gebyr	16
9	Saker etter eigarseksjonslova	17
9.1.1	Søknad om seksjonering på vilkår og eller eit-trinnsøknad :	17
9.1.2	Søknad om seksjonering i beståande bygg og reseksjonering:	17
9.1.3	Avbrot av søknad om seksjonering	17

9.1.4	Betaling av gebyr	17
10	Forureining	18
10.1	Utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg.....	18
10.2	Tvangsmulkt etter forureiningslova.	18
11	Tiltak i sjø	18

2 Generelle reglar

2.1 Betalingsplikt og frist

- Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar eller den som har bedt om å få utført aktuelt arbeid. **Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden skulle verta avslått.**
- Kommunen skal av eige tiltak betala attende der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.
- For alle gebyr gjeld betalingsfrist på 30 dagar frå fakturadato dersom ikkje anna er avtala. Ved for sein betaling kan kommunen krevja purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gongar, vil kommune krevja morarenter i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

2.2 Kva regulativ som skal nyttast

- Gebyret skal reknast ut etter det regulativ som er/var gjeldande på det tidspunkt fullstendig søknad, tilleggsøknad eller revidert søknad vert motteken av kommunen.
- For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn, t.d. nokre reguleringsplansaker, byggesaker med del saksbehandling (ramme-/igangsettingsløyve), refusjonssaker og delingssaker, vert det gebyrregulativet som er eller var gjeldande då føresetnadene for å sluttbehandla neste ledd i saksbehandlinga er til stades.
- Gebyr som er relatert til timesatsar, skal utreknast til gjeldande satsar då arbeidet vart utført.

2.3 Betalingstidspunkt

- **Før** kommunen skriv ut *mellombels bruksløyve eller ferdigattest* skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Like eins skal gebyr for kartforretning og andre gebyrsaker som skal matrikkelførast og tilhøyrande tinglysingsgebyr og dokumentavgift vera betalt før aktuelle dokument vert matrikkelført.
- For søknadssaker **kan** kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt **før** saksbehandlinga tar til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskotsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gitt overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr. Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret vert betalt før kommunen sine arbeid tek til. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter medgått tid og/eller til dekking av sakkunnig hjelp skrivast ut i ettertid. Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte delar av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.
- Klage på fastsettinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betala gebyr medfører ikkje lengd betalingsfrist.

2.4 Søknader som vert trekt, stansa eller ikkje sett i gang

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra. Dersom ein byggesøknad vert trekt etter løyve er gitt, eller ved bortfall av løyve (jmf. Pbl § 21-9) vert gebyret ikkje refundert.

2.5 Søknader som fører til avslag

- Saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt endring/klage innan klagefristen.
- Ved avslag på søknad etter Pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve) § 20-2 (tiltak som krev søknad og løyve og som kan utførast av tiltakshavar) kapittel 19 (dispensasjonssøknader) og søknad om ansvarsrettar/ lokal godkjenning skal det betalast fullt gebyr.

2.6 Urimeleg gebyr

Når særskilde grunnar tilseier det, kan kommunen etter søknad heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. Søknad om redusert gebyr utset ikkje fristen for betaling. Personlege/ sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særskild grunn.

2.7 Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp

- I saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må leiga inn fagkunnig hjelp i saksbehandlinga for å tilfredsstilla lovkrava, kan kommunen i tillegg til gebyret krevja å få refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

2.8 Klage på gebyr

- Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova.
- Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter ureiningslova. Det kan ikkje klagast på at regulativet vert brukt, berre på feil bruk. Klagen skal grunnjevast.

2.9 Gebyr til statlege etatar

- Der kommunen krev inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.
- Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar med oppmålingsforretning skal dekkast av rekvirenten.

3 Tenester som skal betalast etter medgått tid

Timepris

Arbeid utover standardleveranse vil bli fakturert etter følgende satsar:

Type arbeid:	Timesats:	(2017)
Kontorarbeid	998	(950)
Feltarbeid	1 292	(1 230)

Definisjon av standardleveranse er gebyr for arbeid etter plan og bygningslova

4 Kart og eigedomsoppgåver

4.1 Digitale situasjonskart

- Gebyr i samsvar med kommunen sin Geovekst avtale for basiskart.
Sjå <http://www.statkart.no/Kart/Geodatasamarbeid/Geovekst/Salg-av-Geovekst-data/>
- Resten av situasjonskartet (nabooppgåve og planinformasjon) er medrekna i det aktuelle saksgebyret.

4.2 Analoge situasjonskart på papir

- Gebyret for situasjonskart på papir er rekna inn i alle sakshandsamingsgebyr for dispensasjonssak, tiltakssak, refusjonssak, seksjoneringsak, konsesjonssak og saker etter ureiningslova.

5 Plansaker (Pbl. kap. 12)

5.1 Reguleringsplan (§ 12-8 - § 12-12)

Plansaker	Gebyr 2018	(2017)
Oppstartsmøte med møtereferat:	3 500	-
Handsaming planførespurnad i naturutvalet	9 000	-
Handsaming reguleringsplan:		-
> 5 da planområde	25 538	(29 260)
5 - 10 da planområde	33 403	(35 310)
< 10 da planområde	55 412	(52 240)
Handsaming konsekvensutgreiing (inkl. planprogram)	30 000	-
Fornyng av 5-års frist for utarbeiding av plan	5 500	-
Ekstraarbeid utover normal sakshandsaming	998/t	-

5.2 Reguleringsplan – endring (§ 12-14)

Plansaker	Gebyr 2018	(2017)
Små endringar som kan godkjennast administrativt	8 788	(6 760)
Mindre endringar som krev politisk handsaming	14 027	(10 790)
Større endringar.	Gebyr som under pkt. 4.1	

5.3 Andre gebyr/utgifter

- Gebyra inkluderer tilgang til digitalt kartgrunnlag for det aktuelle planområdet, då det er krav om å levera planframlegg i digital form (jf. kart- og planforskrifta § 7).
- Kostnad med all aviskunngjering gjennom planprosessen skal dekkjast av tiltakshavar.

6 Dispensasjonssaker (Pbl kap 19)

Permanent eller mellombels dispensasjon frå:	Gebyr 2018	(2017)
Strandsone. Pbl § 1-8 2. ledd (100 –meters beltet mot sjø)	9 775	(8 500)
Planføremaal. Fastsett arealbruk/føremaal i arealplanar		
a) Større tiltak, jf. pbl§ 20-1	7 015	(6 100)
b) Mindre tiltak, jf.pbl§20-5	3 565	(3 100)
Mellombels byggjeforbod – jmf pbl § 13-1	7 015	(6 100)
Reguleringsplan.		
a) Andre byggegrenser enn skildra i plankart eller i føresegn	4 255	(3 700)
b) Andre reglar/føresegner som er gitt i eller i medhald av pbl (t.d. fråvik frå avstandskrava eller føresegn om høgde, grad av utnytting m.m.)	4 255	(3 700)
c) Veglova. Enkle dispensasjonar	1 265	(1 100)
d) TEK Permanent eller mellombels løyve frå/for tekniske krav til byggverk. Jmf pbl § 29-5	4 255	(3 700)

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr. Gebyret skal betalast uansett utfall på søknaden.

6.1 Sakshandsaming

	Gebyr 2018	2017
Bustad- og hyttetomter, samt p-plass og anna, i regulert område	4 773	(4 150)
Tilleggsparcellar og mindre areal	3 220	(2 800)

For delingssak gjeld dei til ein kvar tid gjeldande satsar for Bjørnefjorden landbrukskontor p.t. (kr 2000,- i 2017). Faktura vert sendt frå Fusa kommune.

7 Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker pbl. Kap 20)

Gebyra er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søkjar si side. Satsane gjeld for kvart einskild omsøkt bygg med tilhøyrande konstruksjonar. For større utbyggingar/byggjefelt vert VVA-anlegg handsama som eiga byggesak med påfylgjande gebyr.

7.1 Delingssøknader etter pbl § 20 -1 pkt. m.

	Gebyr 2018	2017
Bustad- og hyttetomter, samt p-plass og anna, i regulert område	4 773	(4 150)
Tilleggsparcellar og mindre areal	3 220	(2 800)

For delingssaker handsama av Bjørnefjorden landbrukskontor gjeld dei til ein kvar tid desse satsane:

	Gebyr 2018	2017
Kurante saker	2 000	(2 000)
Deling	2 000	(2 000)
Prinsipielle saker	5 000	(5 000)

Vedtaket er heimla i: Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker § 2. Faktura vert sendt frå Fusa kommune.

7.1.1 Tiltak som krev ansvarleg føretak etter pbl § 20 – 3

Kommunen fastset kva punkt i regulativet gebyret skal reknast etter. Der ei søknadssak medfører ekstra arbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr.

Fylgjande sakstypar skal ha basisgebyr og tilleggsgebyr:

- Ramme- og 1. trinnssøknader

Fylgjande sakstypar skal berre ha tilleggsgebyr:

- Førehandskonferanse
- Eigen søknad om igangsetting
- Eigen søknad om ansvarsrett (lokal godkjenning)
- Søknad om endring av løyve inkl. søknad om nye ansvarsrettar
- Søknad om mellombels bruksløyve.(Gjeld for byggjeløyve gitt etter 1.7.2009).

7.1.2 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om etter pbl § 20-4

	Gebyr 2018	(2017)
Sak som medfører oppdatering av off. kart eller register	4 725	(4 500)
Sak som ikkje medfører oppdatering av off. kart eller register	2 520	(2400)
Andre mindre saker	1 313	(1 250)
Avvist/mangelfull sak. Ved manglar kan kommunen om det er mest føremålstenleg rette opp mangelen	1 313	(1 250)

7.1.3 Basisgebyr

	Gebyr 2018	(2017)
Nærings/erhvervbygg (nybygg, påbygg og underbygg) under 100 m2	18 739	(15 616)
Arealtillegg pr 1 m2 BRA utover 100 m2	61	(51)
Bustadbygg / fritidsbustad med 1 bueining	15 516	(12 930)
Tillegg for budstøbygg med fleire bueiningar pr eining		
Eining nr 2 100%		
Eining nr 3-7 50%		
Eining nr 8 25%		
Alle andre søknadssaker	6 228	(5 190)
Døme er garasje, naust, uthus, tilbygg, påbygg og underbygg, anlegg, konstruksjonar, støttemurar, veg- og vassanlegg		
Små saker (som krev ansvarleg føretak)	1 560	(1 300)
T.d. fasadeendring, pipe, skilt, mindre støttemurar, mindre terrassar og andre tiltak der ordinært sakshandsamingsgebyr verkar urimeleg høgt i høve til byggekostnad		
Rivingssaker (Eigen søknad)	3 072	(2 560)
Avvising/retting	1 560	(1 300)
<u>Kommune avgjer forhold rund avvising/retur/retting</u>		
Bruksendring	2 772	(2310)

Gebyr inkluderer handsaming av medfølgjande konstruksjonar, anlegg og terrengendringar som skildra i søknaden. For tilbygg, påbygg eller underbygg som gjev ny bu- eller bruksendring, eller som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det belastast gebyr som for nytt bygg.

7.1.4 Konstruksjonar, anlegg, terrengingrep

	Gebyr 2018	(2017)
Mindre anlegg, jf. pbl § 20-2 d)	2 944	(2560)
Større anlegg, jf. pbl § 20-1 a)	5 969	(5 190)
Tekniske anlegg i grunnen (VA-anlegg)	6 739	(5 860)
Vesentleg terrengingrep (utan dispensasjon), jf. pbl § 20-1 k)	2 944	(2 560)
Ny avkjørsle frå kommunal veg (veglova)	2 944	(2 560)

7.1.5 Tilleggsgebyr

Tilleggsgebyr vert og nytta til å dekkja kommune sine utgifter til kjøp av ekstern spesialkompetanse.

	Gebyr 2018	(2017)
Arbeid som krev inntil ½ dagsverk	3 933	(3 420)
Arbeid som tek inntil 2 dagsverk	10 130	(10 130)
Arbeid som krev minst 2 dagsverk. Det kan også krevjast etter medgått tid. I tillegg kjem evt. utgifter til fagkunning hjelp.	20 010	(20 010)

7.2 Ulovleg byggearbeid og andre ulovlege forhold

Ulovleg byggearbeid handsamast i utgangspunktet som vanleg søknad og ”som om tiltaket ikkje er bygd” og etter gjeldande byggesaksgebyr. Gebyra for ulovlege byggearbeid kjem i tillegg til gebyr for ordinær sakshandsaming.

7.2.1 Påpeiking av ulovleg byggearbeid med rettingsrettlegg

For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettlegg/opplysning om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket vert det kravd betaling.

	Gebyr 2018	(2017)
Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som tiltakshavar sjølv står for pbl § 20 - 2 (75% av 6.1 første punkt)	9 705	(6 470)
Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som krev ansvarleg føretak pbl § 20 – 1, 2.ledd	19 395	(12 930)

7.2.2 Oppfylgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid

Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid dersom tidsbruken overstig minstegebyret. I tillegg kan kommunen krevja dekka kostnader til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr:	Gebyr 2018	(2017)
Tiltak som tiltakshavar sjølv står for Pbl § 20 - 2	8 723	(7 930)
Tiltaks som krev kvalifisert ansvarleg føretak Pbl § 20 – 1 2. ledd	17 578	(15 980)

7.2.3 Mulkt

Dersom det ulovlege forholdet ikkje er retta innan fastsett frist, vil kommunen vurdere å gje pålegg om retting i medhald av pbl § 32-3. Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, kan kommunen gje tvangsmulkt etter pbl § 32-5, jf. §32-3, 3 ledd. Det kan gjerast utan vidare varsel

Mulkt:	Gebyr 2018	(2017)
Eingongsmulkt	14 630	(13 300)
Dagsmulkt	737	(670)

Dagsmulkta vil gå frå og med fristoverskriding for retting gitt i pålegg og vare inntil det ulovlege forhold er dokumentert retta.

7.2.4 Saker med pålegg om sikring

Der det vert gitt pålegg om sikring pga manglande vedlikehald, vert det berekna eit gebyr etter §2-1 for arbeid utført av kommunen knytt til forholdet. Gebyret vert berekna etter medgått tid.

7.3 Graving i kommunal veg

	Gebyr 2018	(2017)
Graving i kommunal veg	4 000	-

8 Gebyr for arbeid etter matrikkellova

Vintersesong jmf. Matrikkelforskrifta § 18 3.ledd.

Kommunestyret har vedteke at tida **1.11. – 30.4** skal reknast som vintersesong i Samnanger kommune i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

Rekvisisjonstidspunkt er den dagen alle løyve og dokumentasjonar er klare slik at saka kan handsamast etter matrikkellova. For oppmålinga er det siste vedtaksdato når det gjeld delingsløyve eller andre løyve som må føreliggja før oppmålingsforretning kan rekvirerast. Gebyr skal betalast etter dei reglar og satsar som gjeld den dagen alle løyve til deling av eigedomen ligg føre.

8.1 Oppmålingsforretning. Saker som krev oppmålingsforretning etter §6

8.1.1 Oppretting av grunneigedom, festegrund og jordsameige

	Gebyr 2018	(2017)
Areal 0-100 m2	6159	-
Areal 101-2000 m2	20 618	(15 860)
Areal 2001-5000 m2	27 392	(21 720)
Areal 5001-20000 m2	36 495	(26 720)
Areal over 20000 m2 minstegebyr	36 495	(33 310)

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

8.1.2 Oppretting av anleggseigedom

	Gebyr 2018	(2017)
Volum 0-5000 m3	34 142	(33 310)
Volum 5001 m3 og over	40 898	(39 900)

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

8.1.3 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (grunneigedom og festegrund) og registrering av uregistrert jordsameige eller endring i sameigefordelinga.

	Gebyr 2018	(2017)
Areal 0-100 m2	6159	-
Areal 101-2000 m2	20 618	(15 860)
Areal 2001-5000 m2	27 392	(21 720)
Areal 5001-20000 m2	29 890	(26 720)
Areal over 20000 m2 minstegebyr (+ medgått tid jfr 2 c))	36 495	(33 310)

For matrikulering av umatrikulert offentlig veggrunn der kommunen sjølv held oppmålingsforretning gjeld satsar som over. For matrikulering av fylkes-, riks- og europaveg gjeld satsar for medgått tid ved matrikkelføring.

8.1.4 Arealoverføring

	Gebyr 2018	(2017)
Areal 0-500 m2	20 700	(20 010)
Areal 501-1000 m2	28 100	(26 720)
Areal over 1000 m2 minstegebyr	37 150	(33 310)

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

8.1.5 Klarlegging av eksisterande grenser alt. 1: der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

	Gebyr 2018	(2017)
For inntil 4 punkt	5 104	(4 640)
For overskytande grensepunkt pr punkt	440	(400)

8.1.6 Klarlegging av grenser alt.2: der grenser og rettar tidlegare ikkje er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

	Gebyr 2018	(2017)
For inntil 4 punkt	12 500	(9 330)
For overskytande grensepunkt pr punkt	630	(600)

8.1.7 Grensejustering

	Gebyr 2018	(2017)
Areal 0-100 m2	6 825	(5 250)
Areal 101-500 m2	8 838	(6 710)

8.1.8 Oppmåling av uteareal til eigarseksjon eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon.

Prisar pr. seksjon:	Gebyr 2018	(2017)
Areal 0-100 m2	6 159	(5 980)
Areal 101-250 m2	7 540	(7 320)
Areal 251-2000 m2	10 300	(10 000)
Areal over 2000 m2 for kvar 1000 m2 over	2 070	(2 010)

8.1.9 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid

Dersom oppmålingsforretning vert utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75% av satsane over.

8.1.10 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

	Gebyr 2018	(2017)
Ved fullført oppmålingsforretning innan fristen på 3 år skal vanlege gebyrsatsar betalast + eit tilleggsgebyr ved parkering av saka pr. matrikkeleining	4 779	(4 640)

8.1.11 Avbrot oppmålingsforretning eller matrikulering

Når ei sak vert trekt, avvist eller av andre årsaker ikkje lar seg gjennomføre vert det fakturert 1/3 av gebyret, ved avbrot etter oppmålingsforretning vert gebyret sett til 2/3

8.2 Saker som ikkje krev oppmålingsforretning m.m

8.2.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrund og jordsameige

Vert betalt i høve til medgått tid ved matrikkelføring. Eventuelle kartdata vert fakturert i høve til punkt 7.3.

8.2.2 Matrikkelføring av saker som ikkje krev oppmåling etter §10 4. ledd

Avtale om eksisterande grense. Vert betalt etter medgått tid.

8.2.3 Utsteding av matrikkelbrev (gebyr vert fastsett av Kartverket)

Matrikkelbrev:	Gebyr 2018	(2017)
Matrikkelbrev 0-10 sider	175	(175)
Matrikkelbrev over 10 sider	350	(350)

8.3 Andre gebyr

Utskrift av kartdata	Gebyr 2018	(2017)
A4 /A3	528	(480)
A0	670	(650)

Sal av digitale Fkb-produkt, ortofoto og kommunale planar via Norsk Eigedomsinformasjon AS (NE): Nærare vilkår for bruk og rettar til våre digitale kart og informasjonsprodukt sjå www.infoland.no. Samnanger kommune bestemmer pris på alle sine produkt i INFO land, medan NE gjer påslag for leveranseknader ol.

9 Saker etter eigarseksjonslova

Handsaming etter (ny) Lov om eierseksjoner

9.1.1 Søknad om seksjonering på vilkår og eller eit-trinnsøknad :

5 x gjeldande rettsgebyr (rettsgebyr 2017 kr 1049)

5 245

I tillegg kan kommunen krevje gebyr for:

- Saker etter matrikeloven for oppmåling av uteareal eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon, ref. punkt 8.18 i dette gebyrregulativ.
- Saker som krev synfaring med kr 2 500.
- Naudsynte tinglysningsgebyr til Kartverket i saka.

9.1.2 Søknad om seksjonering i bestående bygg og reseksjonering:

9,5 x gjeldande rettsgebyr (rettsgebyr 2017kr 1049)

9 965

I tillegg kan kommunen krevje gebyr for:

- Saker etter matrikeloven for oppmåling av uteareal eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon, ref. punkt 8.18 i dette gebyrregulativ.
- Saker som krev synfaring med kr 2 500.
- Naudsynte tinglysningsgebyr til Kartverket i saka.

9.1.3 Avbrot av søknad om seksjonering

Når ei sak vert trekt, avvist eller det av andre årsaker ikkje lar seg gjennomføre vert det fakturert 1/3 av gebyret, ved avbrot etter matrikkelføring eller oppmålingsforretning vert gebyret sett til 2/3.

9.1.4 Betaling av gebyr

Kommunen kan krevje gebyr innbetalt forskottsvis – før saka vert realitetsbehandla.

10 Forureining

10.1 Utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

	Gebyr 2018	(2017)
Handsaming av saker etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta	9 600	(4 800)
Svartvatn	8 000	-
Gråvatn eller tett tank	4 000	-

10.2 Tvangsmulkt etter forureiningslova.

Kommunen kan pålegga forureinar tvangsmulkt. Den kan gis både som eit eingongsgebyr og som ei dagmulkt. Tvangsmulkten storleik skal angis, og mulkta bør setjast i forhold til kva for kostnader som er knytt til gjennomføring av det konkrete tiltak, og slik at det ikkje vil lønne seg for den ansvarlege å fortsetje det ulovlege forholdet.

11 Tiltak i sjø

	Gebyr 2018	(2017)
Større tiltak	4 620	(4 200)
Mindre tiltak	2 750	(2 750)

Tiltak som fell inn under *Lov om havner og farvann* av 17.04.09 nr. 19 § 27 første ledd,

som lyder:

"Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i kommunens sjøområde, krever tillatelse av kommunen hvor tiltaket skal settes i verk.

Som tiltak regnes bl.a. fortøyningsinstallasjoner, kaier, brygger, broer, luftspenn, utdypning, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskilder, kabler og rør.

Kommunen kan ikke gi tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av loven her".